



– Vest-Sahara var oppe som eiga sak på landsmøtet til Arbeidarpartiet i vår. Ap vil arbeide for at FN sine tryggingstyrkar i Vest-Sahara ikkje berre skal overvake våpenkvilen, men ønskjer eit utvida mandat der FN-soldatane kan slå ned på brot på menneskerettane, fortel Sigmund Vereide.

Landet delt i to

Vest-Sahara er i dag delt i to av ein 2200 kilometer lang mur som er oppført av den marokkanske hæren. Områda heilt aust og sør i landet er kontrollert av Polisario. Muren hindrar kontakt mellom flyktningleiarane og dei som bur i Vest-Sahara, og er forsterka med over ein million landminer som kvart år tek livet av og lemlestar både menneske og dyr.

– Vest-Sahara er eit område som er rikt på naturressursar, som fisk, fosfat og kanskje også olje- og gassressursar. Økonomisk aktivitet i landet vert kontrollert av den marokkanske regjeringa, som tilbyr skattelette og subsidiar til stadig fleire marokkanarar som buset seg i dei okkuperte områda. Det internasjonale medvitnet om dei etiske problema som er knytt til å investere i det okkuperte området har auka dei siste åra. Fleire utanlandske selskap har trekte seg ut som følgje av negativ medieomtale eller press. Til dømes blei selskapet Kerr-McGee kasta ut frå Petroleumsfondet si portefølje då selskapet var involvert i kartlegginga av petroleumforekomstar utanfor



Kamelar i ørkenlandskap. Desse dyra vert nytta som føde.

Vest-Sahara, fortel Vereide.

Marokkanske styremakter legg sterke band på forskarar, organisasjonar og journalistar sin tilgang på informasjon i Vest-Sahara. Levekåra i området er difor dårleg dokumentert. Den informasjonen ein har teiknar likevel ikkje noko lyst bilete. Menneskerettsituasjonen i det okkuperte området er alvorleg, med sterkt avgrensa ytringsfridom, forsvinningar og vilkårlege fengslingar.

Avhengige av hjelp

Då Sigmund Vereide var i Afrika,

vitja han ein av flyktningleirane kring Tindouf i Algerie.

– Dei rundt 165.000 saharawiske flyktningane i Algerie er heilt avhengige av humanitær hjelp. På mange område er ikkje hjelpa god nok til å dekkje grunnleggjande behov, og om lag fire av ti born under fem år er kronisk underernærte. Mangel på ressursar gjer flyktningane sårbare. Saharawiske kvinner har teke på seg ei sentral rolle i administreringa av hjelpa som kjem inn, og har til dømes ansvar for fordeling og distribusjon av hjelp frå FN sitt matvareprogram. Naudhjelpa til flyktningane i Algerie kostar FN dyrt, medan Marokko sine skattebetalarar betalar enorme summer for at marokkansk militært personell og sivile blir verande i Vest-Sahara. Det bur nemleg 400.000 marokkanarar i dei okkuperte områda, medan det berre bur 60.000 saharawiar der, seier Vereide.

I det saharawiske folket tek dei unge til å bli utålmodige.

– Det fekk vi tydelege signal om då vi vitja dei. Det er ei gryande rørsle som heller vil krige for landet sitt enn å sitje og vente på at den fastlåste situasjonen blir løyst, seier glopparen, som opplevde store kontrastar i høve til norsk leve-sett i Vest-Sahara.



Slik driv ein husdyrhold i Vest-Sahara.

– Folket hadde lite vatn og lite mat, men tok likevel svært godt imot oss. Dei passa også godt på oss, og eg opplevde dei som positive. Under opphaldet budde vi sju-åtte personar i lag i telt, og vi låg på tepper på golvet. Ei saharawisk kvinne budde i lag med oss, og ho laga både frukost og kvelds til oss. Vi fekk servert te, loff og marmelade, fortel han.

Blir engasjert

Sigmund Vereide innrømmer at konflikten i Vest-Sahara engasjerer.

– Når ein ser korleis innbyggjarane har hatt det i over tredve år, blir ein engasjert. Dei veit ikkje kor tid konflikten vil ta slutt, og det er

lett å bli frustrert på deira vegner. Materielt sett har dei det også svært dårleg. Under kongressen vart det bore fram politisk støtte til Polisario frå store delar av verda. Det må vere opploftande for dei i den situasjonen dei er i, og kan gje dei krefter til å halde det gåande. Det er mange FN-soldatar i Vest-Sahara som overvaker våpenkvilen frå 1991. Likevel blir Vest-Sahara omtala som den gløynde konflikten. Polisario har valt ein fredeleg framgangsmåte etter 1991, men spørsmålet alle stiller seg – er om dei vil vinne fram, seier Vereide.

Han ønskjer seg ein brei tverrpolitisk allianse som kan arbeide for å løyse konflikten i Vest-Sahara.



– Under den ti timar lange køyreturen frå Tindouf til Tifarati, hadde vi fleire pausar. Til lunsj fekk vi eit eple. Det var ikkje særleg mykje å bli mett av, seier Sigmund Vereide.

God Jul og Godt Nytt år

Ønskjer vi til alle våre kundar og samarbeidspartnarar gjennom 2007

Vi held stengt frå 22. des. til 2. jan 2008

Dvergsdal & Sunde Bygg AS
Telefon 57 72 70 44
forde@boligpartner.no

BoligPartner
- husene folk snakker om